



Årsmelding 2013



Banken som bygdautviklar

Sparebank 1 Lom og Skjåk er 140 år i 2013. Lom og Skjåk Sparebank vart formelt stifta i 1873 og opna si verksemd på Andvord i Lom 2. januar 1874. SpareBank 1 er for lengst ein realitet og banken har utvida sitt virkeområde med kontor både på Vågå og Dombås i tillegg til avdelinga i Bismo og hovudkontoret i Lom. Temaet i denne årsrapporten er eit omarbeida utdrag av kapittelet om Banken som bygdutviklar i jubileumsboka til Håvard Teigen frå 1998 med eit tillegg for dei 15 åra som har gått sidan den gongen.

Viss banken ikkje fanst

Banktenester er avgjerande for eit moderne bygdesamfunn. Likevel viser ikkje det at Lom og Skjåk Sparebank var avgjerande for bygdene våre. Vi ville hatt ein større eller mindre del av desse tenestene også utan vår eigen bank. Det finst ikkje ein avkrok i dette landet utan at folk har tilgang til visse typar banktenester.

For å vurdere verknadene, må ein vite noko om alternativet. Alle dei andre bygdene i Nord-Gudbrandsdalen hadde Sparebanken NOR som sin sparebank. Det hadde nok vore alternativet også i Lom og Skjåk.

Dersom alternativet var NOR?

Eit nærliggjande samanlikningsgrunnlag er at Lom og Skjåk på same måte som Vågå hadde vore filial under Sparebanken NOR. Folketalet var litt større i Lom og Skjåk enn i Vågå, altså kunne vi vente at filialane i Lom og Skjåk til saman var 10–15 % større enn filialen i Vågå.

Lom og Skjåk Sparebank hadde i 1997 om lag 30 tilsette og ein forvaltningskapital på knapt 1 milliard. Ut frå dette kunne ein vente at banken i Vågå da skulle ha ei forvaltning på 800–900 millionar og omlag 25 på lønnslista. I Vågå var det i staden ni tilsette, og innskot og utlån var omtrent i samsvar med dette.

Medan Lom og Skjåk Sparebank hadde vore 10–15 % større enn Vågå Sparebank som del av NOR, hadde han ved å vere sjølvstendig bank utanom NOR-konsernet greidd å bli 300 %, eller tre gonger, så stor. Dette er den heilt enkle, men

truleg også den beste samanlikninga.

Med dette enkle utgangspunktet kan det trekkjast frå og leggjast til. Den gongen både Vågå Sparebank og Lom og Skjåk Sparebank

vurderte å slå seg saman med det som er nåverande Sparebanken NOR, var Lom og Skjåk Sparebank omlag dobbelt så stor som Vågå Sparebank. Vågå Sparebank hadde hatt ei svak utvikling i høve til Lom og Skjåk.

Det var her fusjonen skulle skaffe dei ny vekstkraft og ny dynamikk. Ettetida har vist at dei berre tapte ytterlegare terreng i høve til Lom og Skjåk Sparebank. Vågå Sparebank må ha fått eit dårlegare og dårlegare grep om lokalmarknaden før fusjonen. Etter fusjonen må dette berre ha forverra seg.

Viktigaste forklaringa på at Lom og Skjåk Sparebank vart så mykje større er likevel utflyttarane og andre utanbygdskundar. Sparebanken Nor i Vågå tapte normalt kampen om vagværane som kunde når dei fløtte ut. Dei vart kanalisert ut av Vågå også med pengane sine og over til næraste NOR-skranke. Lom og Skjåk Sparebank var også tidlegare ein bank for utflytta, venekrinsen deira og for andre som vil ha ein annleisbank.

Forklaringa på at Lom og Skjåk sparebank sto fram som vinnar kan vere at banken oppnådde ein heilt spesiell posisjon i bygdene gjennom langsiktig tillitsbygging.

Like viktig er det at Lom og Skjåk Sparebank gjennom å vere sjølvstendig fekk lov til å tevla om kundar i heile landet. I Sparebanken NOR deler dei landet mellom seg. Lom og Skjåk Sparebank dreiv derfor ikkje banktenester berre overfor bygdefolket. Banken var ei eksportbedrift som hadde like mange kundar i resten av landet som i kvar av kommunane Lom og Skjåk. At banken på denne måten hadde vorte ei eksportbedrift, hadde i seg sjølv skapt ca 10 arbeidsplassar.

Men truleg ser vi også noko meir allment: at utkanten blir avmagra, og at kontora i sentrum svell ut i dei fleste bedrifter som har hovudkontor, regionkontor og filialar.

Kompetanse og leiartrening

For bygder som Lom og Skjåk er det av stor verdi å ha arbeidsplassar. At banken på den tida hadde 15–20 arbeidsplassar meir enn om han hadde vore ein del av NOR, tel derfor mykje. At banken også gav leiarstillingar og høgt kvalifisert arbeid innan finansnæringa, er truleg langt viktigare.





Frå 75-års jubileet i Lom og Skjåk sparebank i 1948. Torstein Brustugun, Torgeir Kvandalsvoll og Sigurd Austin i arbeid. Utlånt frå Skjåk historielag.



Den "gamle" banken. Foto: Gudbrandsdølen/Dagningen.

I eit historisk perspektiv har vi sett den læringa og kompetanseoppbygginga som har skjedd på brei front ved at bygdefolket sjølve har bygd opp og styrt trygdslag, meieri, forbrukarsamvirke, ålmenninga osv. Det var ei «avlæring» i bygdene når sentraliseringa åt seg inn på område etter område. Det var alt lenge sidan det hadde vore eit lokalt styre innan forsikring. Og dei siste femten åra hadde det lokale styret med representantar berre for Lom og Skjåk vorte borte i meierisektoren.

Her var Lom og Skjåk Sparebank framleis det mest reindyrka unntaket saman med ålmenningstyret i Skjåk. Mange i Lom og Skjåk fekk innsikt i å leie ei bedrift allment og innsikt i bankdrift spesielt gjennom verv i styre, forstandarskap og kontrollkomité i banken.

Gjennom slik lokal rekruttering til bankstyret var det ikkje berre ei læring i bank, finans og allmenn bedriftsleiing. Enda viktigare var det at ein gjennom desse verva fekk inngående kunnskap om heile økonomien i bygdene.

Av di banken på den tida nesten hadde monopol på banktenester, fekk dei styrande organa i banken ei førstehands innsikt i samanhengane i ein moderne bygdeøkonomi. Medan det i samfunnet elles er god latin å isolere den einskilde bedrifta utan å analysere samfunnsverknadene, var dette umogleg i Lom og Skjåk Sparebank.

Der andre slår bedrifter konkurs og opprettar eit firma med eit anna namn som driv vidare neste

dag, tenkte Lom og Skjåk Sparebank annleis. Dei såg at når bedrifta kvittar seg med gjeld gjennom konkurs, blir problema velta over på dei som har pengar til gode. Var også dette lokale bedrifter, såg banken korleis problema berre spreidde seg til tredjepart. Dette er nok hovudgrunnen til at Lom og Skjåk Sparebank i heile historia si har gjort alt for å unngå konkursar.

Det moderne landsbygdbrøyeriet

Den aller viktigaste verknaden av at Lom og Skjåk Sparebank så lengje var ein sjølvstendig bank, er likevel at dei verdiane som vart skapte i bygda vart verande på lokale hender. Eigenkapitalen som banken har bygde opp var i 1997 på 150 millionar. Dette nærma seg det dobbelte av minstekravet til eigenkapital. Derfor kunne banken i stor stil kaste seg rundt og berge bedrifter, medverke til infrastruktur, og redde kulturskattar og anna som vanlege kommersielle bankar ikkje dreiv med.

Dei siste åra hadde eigenkapitalen da auka med mellom 10 og 15 millionar kvart år trass i dei store tapa som banken hadde teke. Banken hadde hatt av dei største tapa i landet i høve til forvaltningskapitalen.

Sparebankar er stiftingar. Dette har hatt som verknad at ikkje éi krone vart att i bygdene når sparebankane innfusjonerte. Kommunane var dei eigentlege eigarane. Hadde banken vorte seld, ville salsverdien ha kome langt over dei 150 millionane. Den vanlege marknadsverdien på ein bank som sel ei god innskots- og utlånsportefølgje, er eigenkapitalen pluss fem års overskot. I så fall ville marknadsverdien for Lom og Skjåk Sparebank ha vore på mellom 200 og 250 millionar.

Det var slik sett eit moderne «landsbygdbrøyeri» som skjedde når sparebankane og dei andre tredjesektorbedriftene hadde vorte sentraliserte. Kapital vart ikkje liggjande att hjå dei opprinnelege eigarane i det heile teke. Stiftingar var ikkje tilpassa ein moderne kapitalisme. Ved sentralisering misste dei opprinnelege eigarane både eigeomsrett og styringsrett over det som var bygd opp. Dette gjekk spesielt ut over bygdene.

Med samanslutninga av bankane hadde disposisjonsretten over dei mange og store kapitalane vorte sentralisert til regionale og nasjonale senter. Gjensidige forsikring og Sparebanken NOR representerer i dette

perspektivet dei to bygderøyeria som enkeltvis er størst og hadde på den tida utvikla seg til eit bank- og forsikringskonsern på line med dei andre gigantane i bransjen. Utan spesielle forpliktingar for opprinnelege eigara.

Næringsfond og næringsutvikling

Lom og Skjåk Sparebank har teke eit uvanleg stort ansvar for næringslivet både ved nyetableringar og ved kriser. Det hadde også mange andre, og også dei store sparebankane gjort i visse høve.

Det var altså ikkje spesielt for Lom og Skjåk Sparebank å engasjere seg sterkt i einskildbedrifter både for å ta vare på banken sine interesser og samfunnsinteresser. Skilnaden mellom Lom og Skjåk Sparebank og større bankar var at dei store tok tak i enkeltsaker. Lom og Skjåk Sparebank vart ei vaktbikkje som passa på stort og smått i sin region. Utan den lokale sparebanken hadde vi mot slutten av 1990-talet ikkje hatt dei same industribedriftene i Lom og Skjåk. Ein større bank ville ha tenkt meir bankøkonomi og mindre lokalsamfunnsvelferd. Dette har å gjere med samanhengen mellom bedrift – lokalsamfunn og bank.

Til dømes var møbelbedriftene i Lom og Skjåk relativt små og uviktige for ein nasjonal eller regional bank. Store bankar ville derfor ikkje prioritert små bedrifter så høgt i høve til andre store saker som dei slit med. Det er naturleg og sjølvsgagt. Men det er like naturleg og sjølvsgagt at desse bedriftene som er små i nasjonal målestokk, er både store og viktige for den lokale banken. For det andre er det slik at Lom og Skjåk Sparebank sette toppleiinga og sine beste folk på slike prosjekt. I ein større bank vil dei berre prioritere folk langt nede i bankhierarkiet på desse «småtinga».

Næringsfondet, vedtekter og bruk

Her i regionen er det berre Lom og Skjåk Sparebank som var så engasjert i næringsutvikling i sine bygder at dei hadde oppretta eit eige fond for nyskaping og næringsutvikling.

Det var i 1984 Sparebanken vedtok å opprette eit eige næringsfond. Ein million frå overskotet i 1983 vart sett av til dette. Seinare vart det sett av ein million til. Det er avkastninga frå fondet som skal brukast til å støtte næringslivstiltak. Formuleringa i vedtektene, paragraf 1, er at «fondet har som formål å fremme tiltak for å styrke næringslivet blant bankens kunder». Næringsfondet er organisert som privat stifting.

Næringsfondet kunne derfor etter vedtektene også brukast til å støtte næringslivet i andre bygder og byar. Det kjem av at banken har så mange kundar utanbygds, og dei skal òg ha høve til stønad.

Gjennom næringsfondet kan personar med idear og utviklingsprosjekt få ei hjelpande hand i form av nokre ekstra kroner i ein tidleg fase i prosjektet. Mange av dei bedriftene som har vorte starta og har hatt suksess har fått stønad frå næringsfondet i banken.

Men næringsfondet har ikkje berre støtta tiltak som vart ein suksess. Så lenge arbeidsplassane ikkje er nedlagde, er det vanskeleg å vurdere kva som er suksess og kva som er fiasko.


Ikkje alle har fått stønad, og i ettertid ser vi kor vanskeleg det er å vurdere nye tiltak. Prosjekt som ikkje har fått stønad frå fondet, truleg av di dei har sett håplause ut, har gått bra. For andre prosjekt som har fått stønad, kan den etterpåkloke kome med det vanlege visdomsordet: «Var det ikkje det eg sa...»

Samfunnsentreprenørar

Lom og Skjåk Sparebank hadde dei siste femten åra medvete forhold til å fremje nyetableringar og entreprenørskap. Skipinga av næringsfondet i 1984 var eit teikn på dette, men det viste også at banken såg på seg sjølv som meir enn ein bank.

Med næringsfondet synte banken at han ikkje berre var eit hus der ein søkte lån, men også eit hus der ein kan få hjelp og stønad til å utvikle nye idear. Dessutan viste banken med dette at bygdeutvikling var likestilt med bankutvikling. Gjennom slike handlingar syner banken at han ikkje berre driv sin eigen butikk som privat-entreprenør. Banken er ei samfunnsbedrift eller ein samfunnsentreprenør.

Alle tredjesektorbedriftene har i stor mon vore slike samfunnsentreprenørar så lenge dei var lokalt forankra. Vi har sett mange døme på at samvirkelaga og ålmenninga har brukt av ressursane sine til å setje i gang tiltak i bygda som vi i dag reknar som det offentlege si oppgåve. For at bank, samvirkelag, meieri og ålmenning skal kunne drivast til fellesskapets beste, må det stå personar bak. Slike personar som engasjerer seg i næringsutvikling ut over eiga bedrift eller utan å få godt betalt for det, kallar vi samfunnsentreprenørar. Engasjementet og arbeidsinnsatsen er ikkje fyrst og fremst motivert av eiga vinning, men av lokalsamfunnets



beste. Bygder som med mange verksemdar som er sjølveigande eller eigd av bygdefolket utan å skulle gje overskot, har også mange samfunnsentreprenørar. Dei som tek på seg leiaransvar i desse bedriftene, gjer det av omsyn til fellesskapet meir enn av omsyn til seg sjølv.

Typiske døme på samfunnsentreprenørar er ordføraren som også engasjerer seg i næringsutvikling, tiltaksordføraren. Hovudstaden er altså politikken, men denne plattformen blir brukt til å utvikle næringslivet enten ved å få kommunen til å medverke eller gjennom sjølv å engasjere seg direkte.

Dette engasjementet kallar vi kommunalisme, som er kjenneteikna av at kommunen tek eit utvida ansvar ut over det som er pålagt ved lov. Eit anna kjenneteikn er kommunepatriotismen. Derfor kjem tiltaksordførarar ofte i klammeri med nabokommunar, sjølv om det også er tiltaksordførarane som får til mest samarbeid. Dei samarbeider når det tener kommunen best.

Idealisme og økonomiske motiv

Det som kjenneteiknar samfunnsentreprenørane er at dei så sterkt engasjerer seg i å byggje opp lokalsamfunnet kring. På den andre sida har vi den typiske forretningsdrivande entreprenøren som fyrst og fremst har si eiga næringsverksemd som motiv og drivkraft.



Midtgard under bygging i november 1973 og avdelinga i Skjåk fotografert i 1998.
Foto: Gudbrandsdølen/Dagningen/Visus.

For mange samfunnsentreprenører er kanskje dei indirekte motiva viktigast. Desse kan vere både av økonomisk og ikkje økonomisk art. Kjøpmenn og turistvertar har opp gjennom tida engasjert seg sterkt i utbygging av vegar og samferdsel. Dette har dei sjølvsagt gjort av di dei sjølve ville få nytte av det i forretningsdrifta, men det er likevel ikkje slik at alle har engasjert seg. Somme konsentrerer seg alltid berre om sitt, og overlet til andre å gjere det arbeidet som også kjem dei sjølve til gode.

Etter kvart som banken tok til å gå godt, vart det også ei ære å sitje i dei styrande organa. Det viste at ein var gagns bygdeborgar – og kanskje var det også eit teikn på at ein hadde pengar på bok. Tilsvarande har det nok også vore i anna styre og stell. Slike ikkje-økonomiske motiv kan vere narraktige, men dei kan også byggje på positive eigenskapar som æreskjensle, lokalpatriotisme og ansvar for samfunnet kring seg. Mange av dei beste har vondt for å seie nei.

Kommunestrid og lokalpatriotisme

Sparebanken var sjølveigande, og med sjølveigande institusjonar kan det gå to vegar. Enten kjenner ingen eigarskap til banken, eller så blir banken verkeleg ein samfunnsinstitusjon som dei fleste tykkjer dei «eig».

Lom og Skjåk Sparebank kjende mange, kanskje dei fleste, i bygdene seg som eigarar av. Nesten alle brukte banken, og kundelojaliteten var nesten utan sidestykke. Sjølv om «folk flest» tykte det var deira bank, så er det slik at dersom eigarar skulle peikast ut, ville dei fleste seie at det er dei to kommunane som eigde banken.

Denne eigarskapskjensla hadde røter heilt tilbake til banken starta opp i 1873. Lenge stod små og

store stridar om kvar banken skulle leggjast. Dette freista ein å løyse på ulikt vis.

Banken vart lenge driven som ein «omgangs-skule» og hadde kontordagar på omgang i Lom og Skjåk. Også banken (som Lom og Skjåk Ysteri) var det mange som ville ha på grensa mellom Lom og Skjåk. Ei slik plassering kan vere bra for ei produksjonsbedrift dersom tomtetilhøva elles ligg til rette for det, men å plassere ein bank i ingenmannsland utanfor alle både gamle og nye bygdesenter var å gå for langt.

Banken hadde i alle år nesten pinleg nøyaktige prosedyrar for å få til likebehandling mellom kommunane. Det har alltid vore sjølvsagt at styre og forstandarskap skal setjast saman av like mange frå kvar kommune. Sterkast symbolverknad har tydelegvis dei årlege gåveutdelingane til lag og organisasjonar hatt.

Mest «spesielt» er det likevel at det i heile den tida banken hadde sterk vekst i

talet på sysselsette (fram til ut på 80-talet), var ein nøye med at det skulle tilsetjast like mange med bustad i kvar bygd. Så lenge i ettertid må det vere lov å peike på at dette verken



sikra den beste rekrutteringa eller at dei beste vart tilsett. Men det hindra at gamle stridar dukka opp.

Ei stund etter at banken flytta inn i det nye store praktbygget i Lom (Midtgard) og Bismo hadde ein sterk vekst som kommunesenter for Skjåk, var det i ferd med å utvikle seg ein farleg ubalanse mellom kommunane. Skjåk hadde berre bankbussen, medan Lom hadde både buss og stadig fleire sysselsette i det nye og fine bankbygget.

Det var ikkje bankfaglege grunnar åleine som låg bak at banken oppretta filial i Bismo. Skjåk kommune med Hans Krogstad i spissen pressa på. I ettertid kan ein slå fast at dette også bankfagleg var ei rett avgjerd. Utan denne filialen ville Lom og Skjåk Sparebank ha vore spesielt «sentralisert». Også i dag har banken større omsetning på kvar av dei to åpningsstadene sine enn gjennomsnittssparebanken.

Lom kommune og Skjåk kommune er ikkje berre kjenneteikna av at baa to arbeider for å ta vare på sine egne interesser. Også innan kommunane har det vore sterke rivaliseringar. Dette må banken ta omsyn til. I Lom er det særleg bøverdølane som med visse mellomrom «har slått til» mot det dei oppfattar som sentraliseringa i kommunen, der alle gode flyt åt Bergom. Også Garmo er ein krins som har klar lokalidentitet og tradisjon for å ha sitt «eige». Lia er også ei naturleg geografisk eining. I Skjåk gjekk det lenge før Bismo vart akseptert som sentrum i bygda. Folket sør i bygda ville lenge halde fast på Ånstad. Før den tida var Ofossen eit bygdasenter som framleis har sine forkjemparar. Det var i dei to fyrste ordførar-periodane til Hans Krogstad (på 70-talet) at Bismo verkeleg vart bygd ut som bygdasenteret.

Ei så sterk satsing på Bismo hadde kanskje vore umogleg utan ein så sterk ordførar. Vel så viktig var det at han kom frå sør i bygda sjølv. Alle står sterkare i argumentasjonen når dei ikkje kan skuldast for å handle i eigeninteresse.

Det var vanleg meining i heile Gudbrandsdalen at Lom og Skjåk kommunar var som hund og katt, og at det jamt over er eit spesielt stridbart folkeferd i desse to kommunane. Kanskje er dette også rett om ein måler konflikter i lokaliseringsstridar, eigarskap og rettsaker om gamle og nye rettar og kommunegrenser.

På den andre sida er det også slik at utan samarbeid ingen konflikter. Om ein samanliknar med alle andre regionar i dalen, syner det seg at få kommunar har greidd å få til så mykje samarbeid som Lom og Skjåk.

I tillegg har kommunane drege med seg felles bu av ymse slag frå dei var éin kommune fram til 1863, gjennom historiske grensdragingar, bruk av felles areal til beite og sætring, og så vidare. Ysterisamarbeidet kom omlag 50 år etter at banken starta opp. Det er sannsynleg at dei positive røynslene med banken også var viktige, ja avgjerande, for ysterisamarbeidet. Bygdene var også tidleg ute med å samle seg om eit stort foredlingsanlegg for mjølka.

I 1998–1999 slo også dei fleste samvirkelaga i Lom, Skjåk og Vågå seg saman, med Koop'en i Lom som hovudbase. Vedtaket har visseleg vore smertefullt for mange av kooperatistane i Skjåk. Men dei fleste høgst elska og levedyktige barn blir fødde i smerte og avla i ein kombinasjon av tukt og kjærleik. Slik også med alle barna som Lom og Skjåk avla og fostra opp saman.

At kommunane har vore så aktive, også som aksjeeigarar i alt frå tamreinselskap og bilselskap til industribedrifter og andre private bedrifter, styrkar kommuneorienteringa. Kommunen blir viktigare både som eit geografisk fellesskap og som demokratisk organ og forvaltningsnivå. Dette blir styrka av det store inslaget av tredjesektor-bedrifter. Desse bedriftene har «folket» som eigarar. I banken blir delar av styra valde direkte av kommunen. I dei andre tredjesektor-bedriftene, som Koop'en, dei andre samvirkelaga og ysteriet, har det alltid vore nære koplingar både til partipolitikken og til kommunane på mange andre måtar.

Bank - kommune - bedrift

Det er lønstakarar og bønder som har dominert både som innskytarar og låntakarar i banken. Likevel er det i trekantforholdet bank, kommune og bedrift at banken som bygdeutviklar blir mest interessant.

At lønstakarar og bønder slutta sterkare og sterkare opp om banken, gav banken ei sterk ryggrad. Desse to store gruppene har banken så å seie ikkje tapt pengar på. Dette har gjeve banken den store eigenkapitalen som la grunnlaget for framtida.

Lom og Skjåk Sparebanke hadde styrkje til å gå aktivt inn som bygdeutviklar. Aktiviteten har langt overstege det som særmerkjer vanleg bankverksemd. Banken som bygdeutviklar skil seg ut på fleire område med å skape og hald oppe arbeidsplassar i bygda som den overordna målsettinga. I bankmaterialet for 1990-åra er det mange døme på at banken hindra negativ presseomtale av einskildfirma gjennom ein-sidedig gjeldsnedskrivning.

sikra den beste rekrutteringa eller at dei beste vart tilsett. Men det hindra at gamle stridar dukka opp.

Ei stund etter at banken flytta inn i det nye store praktbygget i Lom (Midtgard) og Bismo hadde ein sterk vekst som kommunesenter for Skjåk, var det i ferd med å utvikle seg ein farleg ubalanse mellom kommunane. Skjåk hadde berre bankbussen, medan Lom hadde både buss og stadig fleire sysselsette i det nye og fine bankbygget.

Det var ikkje bankfaglege grunnar åleine som låg bak at banken oppretta filial i Bismo. Skjåk kommune med Hans Krogstad i spissen pressa på. I ettertid kan ein slå fast at dette også bankfagleg var ei rett avgjerd. Utan denne filialen ville Lom og Skjåk Sparebank ha vore spesielt «sentralisert». Også i dag har banken større omsetning på kvar av dei to åpningsstadene sine enn gjennomsnittssparebanken.

Lom kommune og Skjåk kommune er ikkje berre kjenneteikna av at baa to arbeider for å ta vare på sine egne interesser. Også innan kommunane har det vore sterke rivaliseringar. Dette må banken ta omsyn til. I Lom er det særleg bøverdølane som med visse mellomrom «har slått til» mot det dei oppfattar som sentraliseringa i kommunen, der alle gode flyt åt Bergom. Også Garmo er ein krins som har klar lokalidentitet og tradisjon for å ha sitt «eige». Lia er også ei naturleg geografisk eining. I Skjåk gjekk det lenge før Bismo vart akseptert som sentrum i bygda. Folket sør i bygda ville lenge halde fast på Ånstad. Før den tida var Ofossen eit bygdasenter som framleis har sine forkjemparar. Det var i dei to fyrste ordførar-periodane til Hans Krogstad (på 70-talet) at Bismo verkeleg vart bygd ut som bygdasenteret.

Ei så sterk satsing på Bismo hadde kanskje vore umogleg utan ein så sterk ordførar. Vel så viktig var det at han kom frå sør i bygda sjølv. Alle står sterkare i argumentasjonen når dei ikkje kan skuldast for å handle i eigeninteresse.

Det var vanleg meining i heile Gudbrandsdalen at Lom og Skjåk kommunar var som hund og katt, og at det jamt over er eit spesielt stridbart folkeferd i desse to kommunane. Kanskje er dette også rett om ein måler konflikter i lokaliseringsstridar, eigarskap og rettsaker om gamle og nye rettar og kommunegrenser.

På den andre sida er det også slik at utan samarbeid ingen konflikter. Om ein samanliknar med alle andre regionar i dalen, syner det seg at få kommunar har greidd å få til så mykje samarbeid som Lom og Skjåk.

I tillegg har kommunane drege med seg felles bu av ymse slag frå dei var éin kommune fram til 1863, gjennom historiske grensdragingar, bruk av felles areal til beite og sætring, og så vidare. Ysterisamarbeidet kom omlag 50 år etter at banken starta opp. Det er sannsynleg at dei positive røynslene med banken også var viktige, ja avgjerande, for ysterisamarbeidet. Bygdene var også tidleg ute med å samle seg om eit stort foredlingsanlegg for mjølka.

I 1998–1999 slo også dei fleste samvirkelaga i Lom, Skjåk og Vågå seg saman, med Koop'en i Lom som hovudbase. Vedtaket har visseleg vore smertefullt for mange av kooperatistane i Skjåk. Men dei fleste høgst elska og levedyktige barn blir fødte i smerte og avla i ein kombinasjon av tukt og kjærleik. Slik også med alle barna som Lom og Skjåk avla og fostra opp saman.

At kommunane har vore så aktive, også som aksjeeigarar i alt frå tamreinselskap og bilselskap til industribedrifter og andre private bedrifter, styrkar kommuneorienteringa. Kommunen blir viktigare både som eit geografisk fellesskap og som demokratisk organ og forvaltningsnivå. Dette blir styrka av det store inslaget av tredjesektor-bedrifter. Desse bedriftene har «folket» som eigarar. I banken blir delar av styra valde direkte av kommunen. I dei andre tredjesektor-bedriftene, som Koop'en, dei andre samvirkelaga og ysteriet, har det alltid vore nære koplingar både til partipolitikken og til kommunane på mange andre måtar.

Bank - kommune - bedrift

Det er lønstakarar og bønder som har dominert både som innskytarar og låntakarar i banken. Likevel er det i trekantforholdet bank, kommune og bedrift at banken som bygdeutviklar blir mest interessant.

At lønstakarar og bønder slutta sterkare og sterkare opp om banken, gav banken ei sterk ryggrad. Desse to store gruppene har banken så å seie ikkje tapt pengar på. Dette har gjeve banken den store eigenkapitalen som la grunnlaget for framtida.

Lom og Skjåk Sparebanke hadde styrkje til å gå aktivt inn som bygdeutviklar. Aktiviteten har langt overstege det som særmerkjer vanleg bankverksemd. Banken som bygdeutviklar skil seg ut på fleire område med å skape og hald oppe arbeidsplassar i bygda som den overordna målsettinga. I bankmaterialet for 1990-åra er det mange døme på at banken hindra negativ presseomtale av einskildfirma gjennom einseitig gjeldsnedskrivning.

I dei store sakene med kriser i industribedriftene brukte Lom og Skjåk store summer på å leige inn konsulenthjelp i tillegg til den kompetansen banken sjølv kunne medverke med.

Det er umogleg og uriktig å sjå banken sitt arbeid som bygdeutviklar berre som eit tosidig tilhøve mellom banken og dei einskilte bedriftene. Ved både små og store etableringar og ved mellomstore og store kriser i bedriftene gjekk Lom og Skjåk sparebank alltid i tospann med kommunane.

Kommunane legg til rette infrastruktur for bedriftene. Her er det ofte gråsoner mellom det som er kommunalt og det bedriftene skal syte for. Ved bedriftsetableringar har også kommunane i større grad enn banken gått inn med aksjekapital i bedriftene. Både banken og kommunane kan gje tilskot – kommunane frå dei kommunale næringsfonda, banken frå sitt næringsfond. Bank og kommune har samarbeida med å kople på eksterne støttespelarar som SND, Oppland Bedriftsutvikling og Sintef.

Universalbanken

Den tradisjonelle arbeidsdelinga mellom sparebankar og forretningsbankar her i landet ligg i namnet. Sparebankane skulle ta vare på sparepengane til den vanlege borgaren. For å gjere det måtte pengane ikkje lånast ut til altfor risikofylte forretningsprosjekt. Det var forretningsbankane som skulle spesialisere seg på næringslivet, ta høgare risikoar og ha kompetanse på ulike næringar.

Etter kvart vart dette skiljet mellom forretningsbankar og sparebankar mindre. Forretningsbankane tevla ivrig om sparepengane til vanlege folk, og dei største sparebankane utvikla seg til fullverdige forretningsbankar.

Blant dei mindre og mellomstore sparebankane varierer det kor langt dei har gått på vegen frå dei tradisjonelle sparebankoppgåvene til å engasjere seg i næringslivet. Lom og Skjåk Sparebank var ein av dei mellomstore sparebankane som også gjekk fullverdige inn i rolla som forretningsbank for det næringslivet som kommunane har og har hatt ambisjonar om å utvikle.

Lom og Skjåk Sparebank har, som alle andre sparebankar, vore ein «velgjørar» gjennom årlege smågaver til lag og organisasjonar.

Men det er ikkje dei formelle gåvene som best og mest viser korleis banken har teke vare på si universelle bygdeutviklingsoppgåve. Banken har i alle år vore med og gjeve direkte pengestønad,

lån som dei visste ikkje ville bli tilbakebetalt, og aksjekapital som dei visste ikkje ville få direkte avkastning. Dette har gått til vegar og bruer, støtte til drift av skular som ikkje fullt ut har vore inne på offentlege budsjett, støttemedlemskap og støtte til kompetanseorgan, og store innsatsar for å ta vare på kulturskattar i kommunane.

Lom og Skjåk sparebank som 125 års jubilant

Utviklinga dei fyrste 125 åra til gjekk i bølger. Det er tre nokså avgrensa periodar som skil seg ut. Fyrst ein tiårsperiode omkring det tidspunktet banken vart skipa; da kom den fyrste moderniseringsbølgja med etablering av pengesamfunnet sine basisinstitusjonar: bank, forsikring og butikkar, og den fyrste bølgja av reiselivsutbygging.



Den andre moderniseringsbølgja kom på eit svært avgrensa tidsrom frå 1918. Moderniseringa (industrialiseringa) av ysterisektoren, den moderne forbrukarkooperasjonen, bil- og transportselskapa var alle viktige i seg sjølve og for å gje turismen ein ny puff framover. Også kraftverk og elektrisifiseringa kom berre på nokre få år.

Ein ny femtiårsperiode går før vi får inn vesentlege nye moderniseringselement. Desse kom frå midten og slutten av 1960-talet med den nye industrialiseringa, fyrst og fremst møbelindustrien, men også moderniseringa av reiselivet grunna på den eksplosive veksten i privatbilismen, og dessutan eit ras med nye driftsbygningar i jordbruket.

Lom og Skjåk Sparebank oppnådde ein eineståande posisjon. I storsamfunnet har banken nesten fått ein kultstatus. Lom og Skjåk Sparebank vart bank- og finansverdas svar på «Kjerringa mot straumen».

Når alle andre bankar i regionen fusjonerte, ville denne banken stå åleine. Og han stod godt. Lom og Skjåk Sparebank var på topp i kunde-lojalitet i landet og på topp i marknadsdekning i dei to kommunane. På desse to toppane er det mogleg å halde seg, men det er nesten uråd å kome høgare. Meir sannsynleg er det med ein større eller mindre nedtur.

Spørsmålet for framtida i 1998 var om ei ny bølge om nokre år på nytt gje utvikling, eller kan vi vente oss ein periode meir særmerkt av avvikling? Vi avgrensar våre forsøk på å svare på dette til tema som er nær knytte til økonomi og utviklingstrekk med relevans for bank.

Frå 125 til 140:

Dei siste 15 åra



Etter 15 år har vi fasiten på ein del av dei spørsmåla vi stilte i 1998. Vi veit om veksten heldt fram, vi veit korleis det gjekk når vi i 1998 såg konturane av det vi kalla utviklinga mot universalbankar og vi veit korleis det gjekk med konkurrentane til Lom og Skjåk Sparebank.

Vekst

Boka «Banken som bygdeutviklar» var jubileums-gave banken gav til seg sjølv og kundane sine da banken runda 125 år i 1998. Rett før boka gjekk i trykken, trippa banksjefen spent rundt. Spenninga var knytt til om det kunne stå i boka at nå hadde banken passert 1 milliard i forvaltningskapital. Og slik vart det. Banken og bygdene kunne feire ein milliardbank.

Banken brukte 125 år på den første milliard. Etter dette har banken auka med ein milliard sirka kvar femte år. I 2013, jubileumsåret for 140-åringen, vart 4 milliardar passert. Ein slik vekst krev ein sterk rygg. Medan forvalta kapital vart firedobla, vart eigenkapitalen tredobla og har nå passert ein halv milliard. Eigenkapitalprosenten har altså gått ned frå omkring 15% på det høgste og var på det lågaste under 10%. Dei siste åra har eigenkapitalprosenten teke seg opp att til ca 12%. Av 109 sparebankar var det i 2013 berre 17 bankar som var meir solide, altså som hadde ein høgare eigenkapitalprosent.

Geografi

Sjølv om veksten har vore sterk dei siste femten åra, har veksten relativt sett vore enda sterkare tidlegare. I perioden frå 1972 til 1987, også dette femten år, vart forvaltningskapitalen nidobla. Den gongen auka eigenkapitalen enda sterkare, ei 20-dobling. Det var ei anna tid med skyhøge rentemargarar i heile bankmarknaden samanlikna med i dag. Denne oppsiktsvekkjande veksten kom av at banken byrja å ta inn fjernkundar. Kontakta med desse kundane skjedde gjennom telefon og ved at banken sende ut frankerte konvoluttar der kundane kunne leggje inn rekningane sine. Funksjonæra i banken sat og betalte rekningne, stempla bilaga og sendte kvitteringane tilbake til kundane. Ved 125-årsjubileumet kom ca 25% av innskota og nesten 40% av låna frå kundar utanom Lom og Skjåk.

Det er viktig å minne om dette fordi banken på denne måten fekk eit forsprang og hadde erfaring med god behandling av fjernkundar før nettet kom. Denne sterke veksten utanfor Lom og Skjåk kom utan å etablere fleire filialar og dyre

bankkontor. Dette var med og forklarte at banken var langt billegare i drift enn gjennomsnittsbanken trass i dei arbeidskrevjande operasjonane med fjernkundane. Nettet som distributør av banktenester var ukjent i 1998.

Strategi

Med nettet har dei store bankane endra strategi. NOR (nå DNB) har lagt ned banklokale i Vågå. Lom og Skjåk Sparebank har satsa omvendt og etablert seg både i Vågå og Dombås. Samstundes har banken sjølv sagt halde fram med å konkurrere i resten av landet, ikkje minst i Oslo-regionen. Denne strategien med fleire fysiske kontor og filialar har kosta. Medan banken før var ein lågkostnadsbank, er nå kostnadene per forvalta krone på høgde med gjennomsnittsbanken.

Samarbeid og konkurranse

SpareBank 1 Lom og Skjåk, er namnet på banken nå. Mange trur at dette betyr at banken ikkje er sjølvstendig, men det er ikkje riktig. Det er enkeltbankane som eig SpareBank-gruppa, ikkje omvendt. Den enkelte bank har eigne styre og bankane har ikkje lov å samordne renta eller å ha anna samarbeid som reduserer konkurransen dei imellom innan den reine bankdrifta. SpareBank 1 bankane er likevel same familie og unngår konflikter seg imellom.

Etter 125-årsjubileumet har banken utvikla seg til meir enn bank. Gjennom SpareBank 1 – gruppa driv banken nå mellom anna forsikring, aksjefondsplasseringar gjennom ODIN Forvaltning og eigeidomsmeikling. Banken er altså medeigar i eit finanskonsern og distribuerer og sel mange finansielle produkt. I staden for å bli utkonkurrert av det vi kalla universalbankar, vart lokalbanken sjølve ein slik bank.

Tilsynelatande er Lom og Skjåk Sparebank meir dominerande enn nokon gong før. Banken konkurrerer likevel med alle andre bankar i landet på grunn av nettbankkonseptet. Denne konkurransen skjer også på heimebane. Veksten i forvaltningskapital og resultat viser at banken konkurrerer oppsiktsvekkjande godt. Sjølv om banken har valt å halde eit høgt tenestnivå med fleire banklokale, er overskota store og også det økonomiske resultatet godt.

Vinning og tap

Banksektoren i Norge har i alle år etter andre verdskrigen vore kjenneteikna av at dei nesten ikkje har tapt pengar i privatkundmarknaden.

Heilt sidan 1970-talet har banken satsa sterkt på finansiering av næringslivet lokalt. Banken har sett dette som eit samfunnsansvar. Resultatet av dette har vore at banken ofte har teke høg risiko, som har påført banken tap. Viljen til å ta risiko og satse på det lokale næringslivet, er ein del av samfunnsoppdraget som framleis er med å gjev banken rolla som bygdautviklar.

Trass store tap har banken godt resultat, noko som er naudsynt for å behalde sjølvstende og framleis kunne ta samfunnsansvar.

Historisk rekneskap 1874 - 2013

År	Forvaltning	Fond	Utlån	Innskot	År	Forvaltning	Fond	Utlån	Innskot
1874*			2 557	2 234	1951	8 964 000	535 000	5 799 000	8 424 000
1875*			6 054	5 806	1952	9 736 000	555 000	6 368 000	9 175 000
1876*			9 052	8 151	1953	10 787 000	575 000	7 275 000	10 202 000
1877**			50 868	42 868	1954	12 079 000	600 000	7 695 000	11 469 000
1878	49 087	511	47 561	37 627	1955	12 061 000	620 000	7 891 000	11 431 000
1879	46 048	268	45 063	38 282	1956	12 860 000	650 000	8 008 000	12 202 000
1880	40 050		39 734	34 312	1957	14 089 000	685 000	8 507 000	13 392 000
1881	36 604		36 158	31 987	1958	15 328 000	725 000	9 057 000	14 466 000
1882	37 561	3 230	36 842	33 897	1959	16 674 000	760 000	9 282 000	15 629 000
1883	49 913		48 763	47 515	1960	17 512 000	810 000	9 702 000	16 469 000
1884	60 489	3 569	59 672	60 007	1961	18 479 000	860 000	10 529 000	17 480 000
1885	69 050	1 403	68 163	60 442	1962	20 017 000	900 000	11 202 000	18 878 000
1886	65 018	764	64 375	64 049	1963	21 335 000	965 000	11 899 000	20 246 000
1887	71 815	2 736	69 555	60 894	1964	22 376 000	1 020 000	12 875 000	21 234 000
1888	74 974	2 861	69 165	65 638	1965	24 857 000	1 100 000	13 863 000	23 607 000
1889	76 676	1 989	74 590	74 687	1966	27 554 000	1 200 000	15 433 000	26 333 000
1890	89 353	1 829	88 467	81 523	1967	30 128 000	1 325 000	17 621 000	28 732 000
1891	97 355	1 503	94 016	95 851	1968	32 727 000	1 431 000	19 672 000	31 199 000
1892	103 905	3 191	101 005	96 714	1969	35 202 000	1 576 000	22 877 000	33 240 000
1893	93 571	3 905	91 132	89 666	1970	42 860 000	1 756 000	25 234 000	40 278 000
1894	108 499	4 538	102 259	96 760	1971	48 711 000	2 031 000	28 638 000	46 265 000
1895	120 242	4 765	117 408	110 076	1972	54 823 000	2 206 000	33 690 000	51 753 000
1896	144 682	5 257	140 670	130 425	1973	63 366 000	2 270 000	37 029 000	60 091 000
1897	168 206	7 264	138 276	160 941	1974	70 019 000	2 465 000	42 637 000	65 477 000
1898	188 525	7 941	167 341	162 584	1975	82 548 000	2 375 000	51 067 000	77 896 000
1899	190 868	8 246	173 356	170 622	1976	98 126 000	3 200 000	57 031 000	92 557 000
1900	217 645	13 472	192 808	184 473	1977	118 907 000	4 300 000	72 506 000	109 203 000
1901	242 060	13 785	210 255	201 174	1978	138 897 000	6 750 000	77 893 000	129 387 000
1902	268 619	15 459	242 472	226 659	1979	160 561 000	9 600 000	96 233 000	148 241 000
1903	278 101	17 471	245 896	244 330	1980	190 619 000	13 250 000	113 063 000	172 614 000
1904	286 778	18 939	248 871	261 839	1981	217 776 000	18 000 000	131 277 000	194 829 000
1905	327 899	20 725	260 513	307 174	1982	249 487 000	24 700 000	147 006 000	219 243 000
1906	384 117	22 253	257 690	361 863	1983	278 356 000	29 091 000	163 649 000	243 246 000
1907	412 913	23 816	285 603	388 797	1984	319 571 000	33 459 000	207 543 000	279 811 000
1908	440 342	25 562	319 631	413 979	1985	375 173 000	39 325 000	245 694 000	321 067 000
1909	456 599	28 044	346 856	427 045	1986	419 461 000	44 520 000	320 714 000	354 369 000
1910	524 205	30 073	347 747	492 231	1987	488 614 000	49 131 000	386 402 000	404 785 000
1911	550 826	33 045	382 974	514 781	1988	600 014 000	53 870 000	435 032 000	454 895 000
1912	651 297	36 559	413 403	611 237	1989	633 619 000	61 749 000	477 046 000	506 905 000
1913	681 323	40 564	448 002	636 758	1990	692 049 000	68 046 000	521 752 000	566 982 000
1914	707 667	45 098	512 544	658 069	1991	740 439 000	69 774 000	550 783 000	600 998 000
1915	762 645	49 865	596 034	712 780	1992	772 780 000	92 066 000	559 683 000	644 611 000
1916	963 035	56 576	639 171	906 458	1993	805 154 000	97 669 000	583 629 000	697 334 000
1917	1 212 080	62 899	721 676	1 149 181	1994	845 370 000	108 059 000	646 093 000	723 388 000
1918	1 676 596	72 555	965 155	1 604 041	1995	860 276 000	123 862 000	660 797 000	724 828 000
1919	2 195 967	84 762	1 329 318	2 111 205	1996	930 400 000	137 013 000	726 661 000	782 641 000
1920	2 574 752	94 678	1 817 019	2 480 074	1997	968 209 000	149 155 000	823 977 000	778 361 000
1921	3 095 166	116 851	2 024 078	2 971 314	1998	1 013 308 000	159 348 000	868 478 000	811 648 000
1922	3 033 788	131 974	2 278 589	2 901 814	1999	1 115 542 000	172 931 000	972 754 000	883 166 000
1923	2 947 193	156 705	2 376 678	2 790 487	2000	1 335 948 000	187 711 000	1 195 781 000	945 046 000
1924	3 133 368	181 918	2 686 234	2 951 449	2001	1 559 292 000	197 259 000	1 412 978 000	1 110 116 000
1925	3 282 441	221 487	2 807 286	3 052 144	2002	1 713 785 000	205 066 000	1 554 751 000	1 163 807 000
1926	3 063 729	244 462	2 739 291	2 818 920	2003	1 887 066 000	223 265 000	1 705 210 000	1 280 180 000
1927	2 963 663	270 959	2 685 765	2 681 943	2004	2 092 739 000	243 719 000	1 902 969 000	1 322 617 000
1928	2 882 761	294 889	2 583 718	2 587 554	2005	2 248 505 000	273 769 000	2 017 500 000	1 533 204 000
1929	2 819 915	320 900	2 488 243	2 493 368	2006	2 551 216 000	298 142 000	2 290 264 000	1 571 512 000
1930	2 786 837	348 558	2 366 348	2 432 567	2007	3 021 793 000	319 533 000	2 582 408 000	1 733 985 000
1931	2 786 608	371 690	2 355 420	2 414 511	2008	3 175 324 000	316 968 000	2 625 615 000	1 838 020 000
1932	2 682 420	395 420	2 307 240	2 286 473	2009	3 259 323 000	354 118 000	2 699 444 000	1 970 316 000
1933	2 692 443	403 744	2 168 166	2 288 698	2010	3 634 560 000	402 705 000	3 088 942 000	2 111 622 000
1934	2 676 952	403 744	2 215 275	2 258 390	2011	3 747 240 000	426 001 000	3 159 759 000	2 375 228 000
1935	2 702 182	405 526	2 203 443	2 296 655	2012	3 909 269 000	453 102 000	3 331 873 000	2 549 823 000
1936	2 996 909	407 611	2 158 314	2 489 298	2013	4 187 461 000	497 750 000	3 426 410 000	2 809 162 000
1937	3 074 146	411 946	2 207 178	2 662 199					
1938	2 996 922	425 763	2 321 030	2 568 820					
1939	3 109 302	441 948	2 457 879	2 666 054					
1940	3 331 112	452 361	2 423 897	2 878 750					
1941	3 825 134	463 000	2 263 358	3 355 394					
1942	4 681 701	473 122	2 515 333	4 193 579					
1943	5 196 124	480 505	2 608 177	4 700 617					
1944	6 509 617	486 984	3 049 408	6 007 632					
1945	7 488 641	493 506	3 591 573	6 991 920					
1946	7 388 822	500 000	4 096 950	6 866 506					
1947	7 579 307	500 000	2 319 276	7 030 926					
1948	8 281 000	545 000	3 131 000	7 746 000					
1949	8 596 000	549 000	3 770 000	8 048 000					
1950	8 510 000	528 000	5 087 000	7 982 000					

* Tal for 1875,1876 og 1877 er i Spesidaler.

** Tal frå 1878 er i kroner.